



Sogn og Fjordane  
krets av NSF



ALLTID BEREDT

# ÅRSMØTE 6. MARS 2010 på «Brunosten» i Førde

## Sakliste:

1. Opning og godkjenning av innkalling
2. Konstituering
3. Årsmelding for 2009
4. Rekneskap for 2009
5. Arrangementsplan for 2010
6. Kretsmerke
7. Kretsleir 2011
8. Innkomne saker
9. Budsjett for 2010
10. Val v/Måløy speidargruppe

## Referat:

### Til stades:

Niels Larsen (Årdal), Wenche Selland (Naustdal), Eirik Ulltang Birkeland (Førde), Johan Birkeland (Førde), Daniel Nedrelid (Florø FA), Inge Byrkjeland (Naustdal), Anita Leirvåg (Naustdal), Arnfinn Øyra (Naustdal), Asbjørn Øyra Sæterskar (Naustdal – observatør), Sivert Ulltang Birkeland (Førde), Rebecca Ludvigsen (Kaupanger), Harald Fimreite (Kaupanger)

Sak 1

### Opning

Wenche ynskte velkommen til møtet.

Sak 2

### Konstituering

Styret sitt framlegg:

Møteleiar: Daniel Nedrelid

Referent: Eirik Ulltang Birkeland

To til å underskrive: Anita Leirvåg og Sivert Ulltang Birkeland

Teljekorps: Harald Fimreite og Inge Byrkjeland

## Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

**Vedtak:** *Styret sitt framlegg vart vedteke.*

Sak 3 **Opning og godkjenning av innkalling**

Inge Byrkjeland hadde to merknader:

1. Konstituering skal kome før godkjenning av innkalling.
2. Sakspapira er ikkje detaljerte nok.

**Vedtak:** *Innkallinga vart vedteken, og merknadene vert tekne til etterretning. Opning vert lagt til som ei eiga sak 1, konstituering vert flytta før godkjenning av innkalling, og budsjett for 2010 vert flytt til nest siste sak. [Referatet er oppdatert etter desse endringane.]*

Sak 4 **Årsmelding for 2009**

Wenche gjekk gjennom styret sitt framlegg til årsmelding.

**Vedtak:** *Årsmeldinga for 2009 vart vedteken utan merknader.*

Sak 5 **Rekneskap for 2009**

Niels gjekk gjennom styret sitt framlegg til rekneskap.

Inge Byrkjeland hadde éin merknad:

1. Rekneskapet gjev ikkje informasjon om kva som er gått inn og ut på kvar post, berre resultatet.

**Vedtak:** *Rekneskapet for 2009 og revisorrapporten vart godkjent, og merknadene vert tekne til etterretning – vi vil endre rekneskapsform frå og med neste årsmøte.*

Sak 6 **Arrangementsplan for 2010**

Daniel gjekk gjennom styret sitt framlegg til arrangementsplan.

**Vedtak:** *Arrangementsplanen for 2010 vart vedteken utan merknader.*

Møtet heva kl. 13.30.

Møtet sett kl. 13.45.

Sak 7 **Budsjett for 2010**

Eirik gjekk gjennom styret sitt framlegg til budsjett.

Det kom eit framlegg om å auke budsjettposten for roverombud til kr. 5 000, men dette vart trekt.

**Vedtak:** *Budsjett for 2010 vart vedteke utan endringar.*

**Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Sak 8

### **Kretsmerke**

Niels presenterte saka.

Framlegg til vedtak:

- Til 15. april skal det sendast ut eit skriv der ein spør etter framlegg til nytt kretsmerke, og at merket bør vise til Sogn og Fjordane på ein eller annan måte.
- 1. september skal vere frist på å levere inn framlegg til *kretsleiar*.
- Styret handsamar dei innkomne framlegga, og sender dei ut til gruppene til 1. oktober.
- Høyringsfrist er 31. desember 2010.
- På årsmøtet i 2011 skal ein stemme mellom det høgst rangerte merket frå gruppene og det gamle merket.

**Vedtak:** *Framlegget vart vedteke mot éi stemme.*

Sak 9

### **Kretsleir 2011**

Niels presenterte saka.

Framlegg til vedtak:

Styret arbeider vidare med å få til ein kretsleir i 2011.

**Vedtak:** *Framlegget vart vedteke.*

Sak 10

### **Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker.

Sak 11

### **Val v/Måløy speidargruppe**

Wenche presenterte framlegget frå Måløy, sidan ingen derifrå hadde høve til å vere med på årsmøtet.

Framlegget var slik:

Visekretsleiar:	Wenche Selland	2 år
Styremedlemmer:	Eirik Ulltang Birkeland	2 år
	Anne Mabel Nybakk	2 år
Varamedlemmer:	Johan Birkeland	1 år
	Daniel Nedrelid	1 år

Johan Birkeland kom med framlegg til Inge Byrkjeland som styremedlem.

**Vedtak:** *Wenche Selland vart vald til visekretsleiar.  
Eirik Ulltang Birkeland vart samrøystes vald til styremedlem.*

### **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

*Inge Byrkjeland vart vald til styremedlem mot tre stemmer.  
Johan Birkeland og Daniel Nedrelid vart valde til høvesvis  
1. og 2. vara.*

Andre val:  
Speidartinget – styret si innstilling er:  
Eirik Ulltang Birkeland  
Vara: Mats Brunsvik

**Vedtak:** *Styret si innstilling vart vedteken.*

Speidarforum – styret si innstilling er:  
Sivert Ulltang Birkeland  
Rasmus Andersen Hundvebakke

**Vedtak:** *Styret si innstilling vart vedteken.*

Roverforum – styret si innstilling er:  
Kaupanger spør roverane sine om nokon kan tenkje seg å  
reise.

**Vedtak:** *Styret si innstilling vart vedteken.*

Møtet slutt kl. 14.15.

Eirik Ulltang Birkeland  
referent

Anita Leirvåg

Sivert Ulltang Birkeland

**Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).